

Fiskereglar i Vestre Slidre statsallmenning

§1. Utanbygdsbuande og utlendingar har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong eller handsnøre. Det er tillete å bruke maksimalt 2 stenger pr. fiskar. Ved isfiske er det lov å bruke inntil 5 pilkestikker. Stong eller handsnøre som er sett ut blir rekna som faststående reiskap jf. §2 og er ikkje tillete.

Utanbygdsbuande og utlendingar kan fiske med oter i Rensenn mot løysing av eige fiskekort.

- Ordninga gjeld frå 1.6 til 15.9.
- Bruk av båt er tillete og det kan brukast 2 oterar pr. fiskar.
- All fisk skal takast opp uavhengig kor stor fisken er.
- Det skal innan 1 veke etter avslutta fiske rapporterast om talet på fisketimar og fangst (stk/kg).

§2 Innanbygdsbuande har mot løysing av fiskekort lov til å fiske med stong, handsnøre, oter og faststående reiskap (utstenglar, line, ruse og botngarn). Som innanbygds er å rekne dei som er står registrert som fast busett i Vestre Slidre kommune og har vore det siste 12 månader.

Reglar for fiske med faststående reiskap og oter:

Vatn	Antall garn el. line pr båtlag	Minste maskevidde	Lengde på garn og line	Bruk av oter, line, ruse og garn er tillete i tida
Storfjorden	12	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Grønsenn	10	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Rensenn	10	fritt	25 m	fom 1.6 tom 15.9
S.Syndin, M.Syndin, N.Syndin (del i V. Slidre), Nestisvatnet, Mosvatnet, Halvorstølstjednet/Matkista	8	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Køltjednet, Strøstjednet, Svulttjednet, Skruvletjednet	4	35 mm	25 m	fom 1.6 tom 15.9
Andre vatn	Fiske med faststående reiskap er ikkje tillete, unnateke er fiske med utstenglar jf. §2 siste ledd			

Faststående reiskap skal på godt synleg flytemerke vere merka med fiskaren sitt namn og adresse. Merkinga skal berre skje nærast land.

Kvart båtlag kan ikkje fiska med faststående reiskap i meir enn eitt vatn på same tid og ingen kan delta i fleire båtlag. Dette gjeld ikkje ved fiske i Rensenn.

Fiskaren må delta både ved utsetting, ettersyn og opptaking av faststående reiskap. Hjelpemannskap under fiskinga treng ikkje vera innanbygds eller ha løyst fiskekort.

Ved fiske med utstenglar, er talet på utstenglar avgrensa til maksimalt 5 stk.

§3 Fiskekort må vera med under fisket og visast ved kontroll.

§4 Barn og ungdom t.o.m. 20 år treng ikkje løyse kort for fiske med stong eller handsnøre, men alder må kunne dokumenterast ved kontroll.

§5 Alt fiske er freda i perioden f.o.m. 16.9 til vatna er islagte.

§6 Godkjent hevdvunne slørettar kan nyttast f.o.m. 1.6 t.o.m. 15.9.

§7 Fiskaren pliktar å gjera seg kjent med generelle reglar i fjellov og offentlege forskrifter/lover.

§8 Brot på reglane er straffbart, jf. fjellovas §37.

§9 Det er lov å bruk båtmotor i Nørre Syndin, Midtre Syndin, Sørre Syndin og Storfjorden med dei avgrensingar i motorstyrke som gjeld i kommunal forskrift for motorisert ferdsel i utmark.

4.4.2016

